



NATURVERNFORBUNDET AVD ORKLAREGIONEN

CO/ KNUT BONVIK

HÅGGÅVEGEN 13B, 7320 FANNREM

29.09.2010

NVE

nve@nve.no

Høyringsuttale til konsesjonssøknad for OK kraftverk i elva Svorka, Meldal kommune

Primært ber vi NVE avvise konsesjonssøknaden frå OK kraftverk, ut i frå:

- dei store biologiske verdiane i området
- at området er registrert som prioritert og viktig naturtype
- at inngrepet reduserer verneverdiane og difor er i strid med forvaltningsplanen for vassdraget.
- det eksisterer ikkje eit norsk kraftbehov som kan rettferdiggjera dette naturinngrepet.

Subsidiært ber vi om at uttaket av vatn blir redusert til 10% av middelvassføring, for å redusere dei negative verknadene av inngrepet. Vi viser her til vanlig praktisert grense i verna vassdrag.

Stavelifossen/ Stavelitjønna vart utsortert som uaktuelt frå Mikrast, som er det næraste vi kjem ein samla plan for småkraftutbygging i Sør Trøndelag. Naturvernforbundet er generelt sett engsteleg for det store talet på småkraftprosjekt, og at ein ikkje vurderer sumeffekten av kraftverka og andre inngrep og ber om at det kjem eit betre system som sikrar naturverdiane mot nedbygging. Vi siterer frå vedtak av 26.09.2010 frå Landsstyret i Norges Naturvernforbund:

” Landsstyret i Norges Naturvernforbund er bekymret over det omfanget som småskala kraftutbygging nå har fått og de omfattende inngrep de omsøkte prosjektene vil medføre i verdifull natur. Slik småkraftprosjekteringa har utviklet seg, kan man ikke regne dette som en miljøvennlig energiform. Naturvernforbundet mener dette er miljøpolitisk uforsvarlig. Vi krever at regjeringen gir overordna, nasjonale føringer og sørger for at det utvikles faglig metodikk og regelverk som evner å sikre naturverdiene bedre enn tilfellet er i dag. Inntil dette er kommet på plass, må alle konsesjonssøknader for småkraft legges på is.”

Konkrete vurderingar

Stortinget har gjort vedtak om at ein kan tillate småkraftverk inntil 1 MW i verna vassdrag der dette er forsvarleg ut i frå verneinteressene. Konsesjonssøknaden for utbygging av OK kraftverk i Svorka har lagt seg på eit anlegg med 0,99 MW, noko som medfører eit urimeleg stort vassuttak, på heile 26% av normal middelvassføring, og vil føre til at vassdraget i store delar av året berre har minstevassføring.

Inngrepet reduserer verneverdiane

Vi viser til ”Differensiert forvaltningsplan for Svorkavassdratet” (Meldal kommune), der området ved Stavelitjønna og Stavelifossen er plassert i ”forvaltningsklasse 2”.

Forvaltningsplanen seier følgjande om "forvaltningsklasse 2": "Dersom man kan dokumentere at utbygging ikke reduserer vernegrnlaget, kan det etter vurdering bli gitt løyve til mikro- /minikraftverk i klasse 2."

(Ein kan forøvrig spørje om kvifor dette området ikkje er plassert i klasse 3 i forvaltningsplanen, ut i frå at det er spesielt nemnd i materialet for vern av Svorka, som særleg biologisk verdfullt.)

Den omsøkte utbygginga reduserer vernegrnlaget og difor må bli avvist med utgangspunkt i forvaltningsplanen og områdets spesielt verdifulle status for biologisk mangfald:

- Inngrepet skjer i eit område som vart særleg vektlagt som argument for vern under verneprosessen for Svorka-vassdraget. I utgreiinga om vern vart det biologiske mangfaldet rundt Stavelifossen sett på som "spesielt verdifullt", og totalkonklusjonen for biologisk mangfald var "Meget stor verneverdi ****" ¹.
- Området Stavelitjønnna – Stavelifossen er registrert som "Prioritert naturtype" som er "nasjonalt og regionalt viktig": BN00040186, Stavelitjønnna-Stavelifossen². Her er det nemnd spesielt fossesprøytzone, bekkekløft og bergvegg og det er vist til det store biologiske mangfaldet. Området er vurdert som "viktig".
- Konsekvensutgreiinga har ein total konklusjon "middels negativ konsekvens". Vi vil hevde at det er ein forsiktig konklusjon ut i frå eit så omfattande uttak av vatn, men det er like fullt ein konklusjon som viser at inngrepet reduserer vernegrnlaget, og at inngrepet difor er i strid med forvaltningsplanen for vassdraget.
- 2010 er året då Noreg skulle stanse tapet av biologisk mangfald, og her står vi overfor eit inngrep i eit område med stor biologisk verdi, og der ein har påvist fleire artar som står på raudlista, og at det er sannsynleg at det finst fleire slike artar i området. Vi ser det difor som sterkt motsetnadsfullt med inngrep som kraftutbyggjaren sjølv karakteriserer som "middels negative verknader" for naturmiljøet.

Vi vil også vise til ein feil i argumentasjonen for kraftverket. Det står at "I tillegg vil kraftverket være et bidrag til å dekke opp det stadig økende energibehovet nasjonalt."

Noreg har i dag eit kraftoverskot i normalår, og er i tillegg pålagd å følgje EUs direktiv om 20% redusert energibruk innen 2020. Det er difor ikkje snakk om eit aukande innanlandsk kraftbehov. Vi vil i denne samanhengen også vise til fellesrapporten frå Naturvernforbundet, Norsk industri og NITO, som konkluderer med at det er eit enormt potensiale for energieffektivisering.³

Det er med andre ord ikkje eit stort samfunnsmessig behov for kraft som kan forsvare eit slikt naturinngrep som OK-kraftverket representerer.

Beste helsing

Mads Løkeland
For Naturvernforbundet avd. Orklaregionen

Mads.loekeland@gmail.com

95056726

¹ Dokument NVE 12-2002: <http://www.nve.no/PageFiles/2336/Rapporter%20og%20utredninger/121.az-Svorka.pdf?epslanguage=no>

² Naturbase <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/asp/faktaark.asp?id=BN00040186>

³ Nito, Norsk Industri, Naturvernforbundet. Rapport 27.10.2010: <http://naturvernforbundet.no/nyheter/store-gevinster-ved-spart-energi-article17572-166.html>